



MØTEPROTOKOLL

Utval: Administrasjonsutvalet

Møtedato: 21.11.2019

Møtetid: Kl. 13:00 - 14:40

Møtestad: Kommunehuset

Av 8 medlemmer møtte 6, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Knut Harald Frøland	Bl
Oddrun Lemme Sandvin	Fagforbundet
Bjørg Tvedterås	Fagforbundet
Gunn Totland Moss	KrF
Øyvind Røen	Sp

Desse medlemene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Linda Haug Kollbotn	Frp		
Øyvind Strømmen	MDG	Sølvi Gåsdal	Ap
Tove Mette Amundsen	Utd.forbundet		

Møtenotater:

Andre som var til stades på møtet:

- Charlotte Hageberg, rådmann
- Anette Følid, HR-leiar
- Jan Erik Boge, rådgjevar

Møteleiar:	Knut Harald Frøland
Møtesekretær:	Jan Erik Boge

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 25.11.2019

Knut Harald Frøland
ordførar

Jan Erik Boge
rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
011/2019	19/1030	Faste saker	
012/2019	19/251	Revisjon av personalvedtekter	
013/2019	18/1210	Overgang til lik arbeidstid i sommar- og vinterhalvåret for kontoradministrasjonen i Samnanger kommune	

SAKNR. 011/2019: Faste saker

21.11.2019 Administrasjonsutvalet:

Handsaming i møtet:

Godkjenning av møteinnkalling og sakliste:

Møtekallinga vart sendt ut to dagar for seint. Rådgjevar Jan Erik Boge beklaga dette. Det hadde i tillegg vore problem med å få lasta ned møteinnkallinga delar av onsdag 20.11.2019 og torsdag 21.11.2019.

Det var ingen andre merknader til møteinnkallinga eller saklista.

Orienteringssaker:

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om endringar i den administrative organiseringa av kommunen. Nokre endringar er allereie gjennomført, andre vert gjennomført med verknad frå 01.01.2020.

Utvalet sitt kvarter:

Ingen saker.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

ADM- 011/2019 Vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent. Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 012/2019: Revisjon av personalvedtekter

21.11.2019 Administrasjonsutvalet:

Handsaming i møtet:

Rådgjevar Jan Erik Boge gjekk gjennom dokumentet "*Gjennomgang av administrasjonen sine framlegg til personalpolitiske retningslinjer, etiske prinsipp for tilsette og reglement på personalområdet*". Under denne gjennomgangen kom det opp spørsmål og kommentarar til nokre punkt i administrasjonen sine framlegg. Desse er lista opp nedanfor. Det var semje om at desse punkta skal takast med i det vidare arbeidet med saka.

Kommentarar til administrasjonen sitt framlegg til overordna personalpolitiske retningslinjer:

Punkt 2.3:

Skal endrast frå "*Visjon for kommuneorganisasjonen sitt arbeid*" til "*Verdiar for kommuneorganisasjonen sitt arbeid*".

Kommentarar til administrasjonen sitt framlegg til etiske prinsipp for tilsette:

Punkt 3 b:

Jan Erik Boge orienterte om at Utdanningsforbundet har kome med forslag om å ta vekk dette

punktet ("*I tenesteforhold settes lojalitet til arbeidsgjevar før lojalitet til andre*").

Punkt 3 e:

Det var semje om at den siste delen av teksten i dette punktet skal takast vekk. Etter denne endringa vert teksten som følgjer: "*Overhalda lover, forskrifter, vedteker og vedtak*".

Samanslåing av punkt:

Det vart òg diskutert om punkt 3 c og 3 e bør slåast saman, for eksempel til "*Vera lojal mot kommunen sine overordna mål og overhalda lover, forskrifter, vedteker og vedtak*".

Kommentarar til administrasjonen sitt framlegg til permisjonsreglement:

Punkt 6.1 - Reisedagar ved gravferd

Forslag om at tilsette som har fleksitidsordning må bruka fleksitid på reisedagar ved gravferd, i staden for at dei får permisjon med lønn på reisedagar.

Punkt 6.1 Permisjon på 50, 60 og 70-års fødselsdagar

Ordlyden bør endrast frå "*Den tilsette får permisjon...*" til "*Den tilsette kan etter søknad få permisjon...*".

Punkt 6.1 - Idrettsarrangement

Det vart teke opp at det er viktig at det er relativt strenge kriterier for å få lønna permisjon for å delta på idrettsarrangement. Administrasjonen vil gå gjennom framlegget på nytt, for å sjå om det må leggjast inn fleire presiseringar i teksten.

Det vart òg teke opp at det må kunne brukast noko skjønn med omsyn til kravet om at idrettsgreina skal vera tilslutta Norges idrettsforbund. Sjakk vart brukt som eksempel.

Punkt 13 - Permisjon ved overgang til ny stilling

Det vart diskutert om det bør setjast krav om eit visst antal år tenestetid i kommunen for å kunne få permisjon ved overgang til ny fast stilling. I administrasjonen sitt framlegg står det berre at det skal leggjast vekt på mellom anna "*arbeidstakaren si tenestetid i kommunen*". Det vart òg diskutert om det bør stå "*tenestetid i stillinga/tilsvarande stilling i kommunen*" i staden for "*tenestetid i kommunen*".

Kommentarar til administrasjonen sitt framlegg til tilsettingsreglement:

Punkt 8.7.1 Deltakarar på intervjuet

Det bør truleg takast inn ei presisering om kva fagforeining som skal inviterast til å vera med på intervju i tilsetjings saker der ingen av fagforeiningane i kommunen har medlemmer innanfor den stillingskategorien det skal tilsetjast i. Administrasjonen vil utarbeida forslag til slik presisering.

Kommentarar til administrasjonen sitt framlegg til reglement for påskjøning av tilsette:

Punkt 3.2 - Gåve ved markering av 25 års teneste i kommunen

Det var semje om å ta vekk setninga "*Gåva skal vera ein vase med inngraving, samt eit gåvekort på det resterande beløpet*". Administrasjonen vil eventuelt utarbeida forslag til ny tekst.

Punkt 4 - Markering av 40 års teneste i kommunen

Det var semje om å endra gåveverdien frå 15 gongar påskjøningsfaktor (2 574 kroner) til 25 gongar påskjøningsfaktor (4 125 kroner).

Knut Harald Frøland (BI) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

«Utkast til permisjonsreglement, fleksitids-/arbeidsreglement, telefonreglement og reglement for påskjøning av tilsette vert sendt ut på høyring til fagforeiningane og einingsleiarane, med høyringsfrist 15.01.2020. Saka om revisjon av personalvedtektene skal så leggjast fram på nytt i administrasjonsutvalet sitt første møte i 2020 og etter dette gå vidare til endeleg handsaming i

kommunestyret.

Kapittel 4 i personalvedtektene (tilsetjingsvedtekter) vert oppheva med verknad frå 01.01.2020, og vert då erstatta med eit tilsettingsreglement som vert vedteke av rådmannen.»

Framlegget til Knut Harald Frøland vart samrøystes vedteke.

Det var òg semje i administrasjonsutvalet om følgjande:

- Utvalsleiar vert beden om å foreslå for kommunestyret 05.12.2019 at det første møtet i administrasjonsutvalet i 2020 vert lagt før kommunestyret sitt møte i mars 2020, slik at saka kan koma opp til endeleg handsaming i kommunestyret i mars 2020.
- Sak om oppheving av kapittel 4 i personalvedtektene (tilsetjingsvedtekter) skal leggjast fram for kommunestyret 05.12.2019.

ADM- 012/2019 Vedtak:

Utkast til permisjonsreglement, fleksitids-/arbeidstidsreglement, telefonreglement og reglement for påskjøning av tilsette vert sendt ut på høyring til fagforeiningane og einingsleiarane, med høyringsfrist 15.01.2020. Saka om revisjon av personalvedtektene skal så leggjast fram på nytt i administrasjonsutvalet sitt første møte i 2020 og etter dette gå vidare til endeleg handsaming i kommunestyret.

Kapittel 4 i personalvedtektene (tilsetjingsvedtekter) vert oppheva med verknad frå 01.01.2020, og vert då erstatta med eit tilsettingsreglement som vert vedteke av rådmannen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune sine noverande personalvedtekter vert sette ut av kraft frå og med 01.01.2020.

Kommunestyret vedtek framlegga til følgjande retningslinjer, prinsipp og reglement, som vert gjort gjeldande frå og med 01.01.2020:

- Personalpolitiske retningslinjer
- Etske prinsipp for tilsette
- Permisjonsreglement
- Arbeidstids-/fleksitidsreglement
- Reglement for påskjøning av tilsette
- Telefonreglement

Med verknad frå 01.01.2020 vert vedtaksmynde for permisjonsreglementet, arbeidstids-/fleksitidsreglementet og reglementet for påskjøning av tilsette delegert frå kommunestyret til administrasjonsutvalet. Det vert frå same dato gjort følgjande endringar i delegeringsreglementet:

- Punkt 8.1, andre avsnitt vert endra til: *«Administrasjonsutvalet gir innstilling til kommunestyret om personalpolitiske retningslinjer, etske prinsipp for tilsette og del I (overordna del) av lønspolitisk plan for Samnanger kommune.»*
- Punkt 8.2 bokstav d vert endra til: *«Vedtaksmynde for permisjonsreglement, arbeidstids-/fleksitidsreglement og reglement for påskjøning til tilsette.»*
- Punkt 8.2 bokstav e vert endra til: *«Gjera vedtak om nødvendige tolkingar/presiseringar i dei personalpolitiske retningslinjene og etske prinsippa for tilsette dersom det er behov for dette.»*

Med verknad frå 01.01.2020 vert vedtaksmynde for telefonreglementet for tilsette delegert frå kommunestyret til rådmannen. Det vert frå same dato gjort følgjande endring i

delegeringsreglementet:

- Punkt 19.2.4 bokstav h vert endra til: «Fullmakt til å vedta telefonreglement for tilsette og gjera vedtak om telefonordning for tilsette».

Kommunestyret gir med verknad frå 06.12.2019 rådmannen fullmakt til å inngå avtale med dei tillitsvalde om arbeidsreglement. Fram til det er inngått slik avtale gjeld kapittel 3 i dei noverande personalvedtektene.

Rådmannen har vedtaksmynde for tilsettingsreglementet.

SAKNR. 013/2019: Overgang til lik arbeidstid i sommar- og vinterhalvåret for kontoradministrasjonen i Samnanger kommune

21.11.2019 Administrasjonsutvalet:

Handsaming i møtet:

Knut Harald Frøland (Bl) spurde om dei tilsette si arbeidstid vil verta redusert dersom rådmannen sitt framlegg vert vedteke. Rådgivevar Jan Erik Boge orienterte om at arbeidstida vil verta redusert med 2,5 minutt pr. arbeidsdag.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

ADM- 013/2019 Vedtak:

Arbeidstidsordninga for tilsette i Samnanger kommune som tilhøyrrer gruppa kontoradministrasjon, vert med verknad frå 01.01.2020 endra til:

- Arbeidstida pr. veke er 37 timar og 55 minutt, inkludert matpause. Denne arbeidstida gjeld heile året.
 - Normalarbeidstida skal vera kl. 07.30-15.05.

Vedtaket er gjort med heimel i hovudtariffavtalen, kapittel 1, § 4.2.1.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Arbeidstidsordninga for tilsette i Samnanger kommune som tilhøyrrer gruppa kontoradministrasjon, vert med verknad frå 01.01.2020 endra til:

- Arbeidstida pr. veke er 37 timar og 55 minutt, inkludert matpause. Denne arbeidstida gjeld heile året.
 - Normalarbeidstida skal vera kl. 07.30-15.05.

Vedtaket er gjort med heimel i hovudtariffavtalen, kapittel 1, § 4.2.1.